

Eksamen

29. mai 2017

AMB2002

Ambulansemedisin

Programområde: Ambulansefag

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer 4 timer.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Låg kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kan skildre korleis ein vil løyse caseoppgåva, men i liten grad grunngi kvifor• Trekkjer i ein viss grad inn aktuelle fagområde• Viser i ein viss grad kompetanse i dei relevante kompetansemåla• Oppgir kjelder ved avskrift, kopiering, klipp og lim• Bruker i ein viss grad korrekt fagterminologi• Har ei viss form for struktur i eksamenssvaret <p>God kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kan skildre korleis ein vil løyse caseoppgåva og grunngi kvifor• Trekkjer inn aktuelle fagområde i grunngivinga• Viser innsikt og fagleg forståing• Viser god kompetanse i dei relevante kompetansemåla• Bruker korrekt fagterminologi• Oppgir kjelder ved avskrift, kopiering, klipp og lim• Har god struktur i eksamenssvaret <p>Høg kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kan skildre korleis ein vil løyse caseoppgåva på ein god og utfyllande måte og grunngir svara godt og utfyllande• Trekkjer inn og drøftar aktuelle fagområde i grunngjevinga• Viser mykje god kompetanse i dei relevante kompetansemåla• Oppgir kjelder ved avskrift, kopiering, klipp og lim• Bruker korrekt fagterminologi konsekvent• Ser heilskapen mellom teori og praksis• Viser god evne til refleksjon• Byggjer opp eksamenssvaret på ein svært strukturert og oversiktleg måte
Andre opplysningar	Du skal svare på både case 1 og case 2. Ved bruk av PC, bruk skriftstørrelse 12.

CASE 1

Du er på dagvakt som lærling på andre året, og er ledsagar på ambulansen. Din kollega og rettleiar er ambulansarbeidar med utsjekk for å gi medikament. Ambulansen er sjekka, og de er klare for oppdrag:

Melding: «Ambulanse 964 – raud respons, Fjelltoppen vgs. Ei ung kvinne med akutt pustevanske. Hun sit i ei trapp på veg inn mot gymsalen»

Adresse: Fjelltoppen vgs, Fjellveien 12.

Ankomst: De vert møtt av medelevar som fortel dykk kvar den unge kvinna er. Dei kan fortelje at det begynte plutselig. Når de nærmar dykk kan de sjå at ho sit i trappa og har tydeleg pustevanske. Ho sit framoverbøygd, pustar raskt og overfladisk. Når de tek kontakt, svarar ho med få, korte ord.

Funn: Vaken, sit i ei trapp
A: Frie øvre luftvegar
B: Rask, anstrengd
C: Kald, litt bleik hud
D: Pupillar: sidelike, Rørsle: sit stille, Svarar: med einstavingsord
E: Ikkje kjende sjukdomar, har hyperventilert ein gang tidlegare

Vitalia:

Respirasjonsfrekvens (RF)	= 25
Oksygenmetting (Spo2)	= 90%
Puls (P)	= 120
Blodtrykk (BT)	= 130/80
Blodsukker (BS)	= 5,7
Temperatur (TP)	=35,7
Elektrokardiogram (EKG)	= Normal
Glasgow coma scale (GCS)	= 14

Oppgåve 1

- Forklar og begrunn alle undersøkingar, vurderingar og tiltak i denne casen.
- Begrunn korleis du vil observere og leire pasienten i ambulansen.
- Når de kjem inn i ambulansen kan pasienten kan fortelje at ho er bipolar. Kva inneber dette, og korleis vil du håndtere situasjonen?

CASE 2

Du er på dagvakt som andreårs lærling og er ledsagar på ambulansen. Din kollega og rettleiar er ambulansarbeider med utsjekk for å gi medikament. Ambulansen er sjekka og de er klare for oppdrag:

Melding: «Ambulanse 964 – gul respons, Fjelltoppen vgs. Ein tilsett har falle inne på golvet. Ligg og klarer ikkje reise seg på grunn av smerte i kne/hofte.»

Adresse: Fjelltoppen vgs, Fjellveien 12.

Ankomst: De vert møtte utanfor skulen. Vedkomande kan fortelje at «pasienten» sklei på golvet. Har no så vondt at det ikkje er mogeleg å reise seg opp.

Når de nærmar dykk, kan de sjå at han ligg på golvet.

Funn: Vaken, ligg på golvet i eit klasserom
A: Frie øvre luftveggar
B: Rask, anstrengt på grunn av smerte
C: Normal hudfarge
D: Pupillar: sidelike, Rørsle: ligg
E: Ingen kjende eller tidlegare sjukdomar

Vitalia:

Respirasjonsfrekvens (RF)	= 25
Oksygenmetting (Spo2)	= 95%
Puls (P)	= 115
Blodtrykk (BT)	= 140/85
Blodsukker (BS)	= 6,2
Temperatur (TP)	= normal (37)
Elektrokardiogram (EKG)	= normal
Glasgow coma scale (GCS)	= 15

Oppgåve 2

- Forklar og begrunn alle undersøkingar, vurderingar og tiltak i denne casen.
- Mens du undersøker pasienten, vert han plutselig «litt rar» og svimar av. Korleis håndterer du dette?
- Begrunn korleis du vil observere og leire pasienten i ambulansen.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, med unntak av internett og andre verktøy som tillater kommunikasjon.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Lav kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kan beskrive hvordan man vil løse caseoppgaven, men i liten grad begrunne hvorfor• Trekker i en viss grad inn aktuelle fagområder• Viser i en viss grad kompetanse i de relevante kompetansemålene• Oppgir kilder ved avskrift, kopiering, klipping og liming• Anvender i en viss grad korrekt fagterminologi• Har en viss form for struktur i besvarelsen <p>God kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kan beskrive hvordan man vil løse caseoppgaven og begrunne hvorfor• Trekker inn aktuelle fagområder i begrunnelsen• Viser innsikt og faglig forståelse• Viser god kompetanse i de relevante kompetansemålene• Anvender korrekt fagterminologi• Oppgir kilder ved avskrift, kopiering, klipping og liming• Har god struktur i besvarelsen <p>Høy kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kan beskrive hvordan man vil løse caseoppgaven på en god og utfyllende måte og gir gode og utfyllende begrunnelser• Trekker inn og drøfter aktuelle fagområder i begrunnelsen• Viser meget god kompetanse i de relevante kompetansemålene• Oppgir kilder ved avskrift, kopiering, klipping og liming• Anvender korrekt fagterminologi konsekvent• Ser helheten mellom teori og praksis• Viser god evne til refleksjon• Bygger opp besvarelsen på en meget strukturert og oversiktlig måte
Andre opplysninger	Du skal svare på både case 1 og case 2. Ved bruk av PC, benytt skriftstørrelse 12

CASE 1

Du er på dagvakt som andreårs lærling og er ledsager på ambulansen. Din kollega og veileder er ambulansearbeider med utsjekk for å gi medikamenter. Ambulansen er sjekket og dere er klar for oppdrag:

Melding: «Ambulanse 964 – rød respons, Fjelltoppen vgs. En ung kvinne med akutt pustebesvær. Hun sitter i en trapp på vei inn mot gymsalen»

Adresse: Fjelltoppen vgs, Fjellveien 12.

Ankomst: Dere blir møtt av medelever som forteller dere hvor den unge kvinnen befinner seg. De kan fortelle at det begynte plutselig. Når dere nærmer dere kan dere se at hun sitter i trappen og er tydelig besværet i pusten. Hun sitter fremoverbøyd, puster raskt og overfladisk. Når dere tar kontakt, svarer hun med få, korte ord.

Funn: Våken, sitter i en trapp
A: Frie øvre luftveier
B: Rask, anstrengt
C: Kald, litt blek hud
D: Pupiller: sidelike, Bevegelse: sitter stille, Svarer: med en-stavelsesord
E: Ikke kjente sykdommer, har hyperventilert en gang tidligere

Vitalia:

Respirasjonsfrekvens (RF)	= 25
Oksygenmetning (Spo2)	= 90%
Puls (P)	= 120
Blodtrykk (BT)	= 130/80
Blodsukker (BS)	= 5,7
Temperatur (TP)	= 35,7
Elektrokardiogram (EKG)	= Normal
Glasgow coma scale (GCS)	= 14

Oppgave 1

- Forklar og begrunn alle undersøkelser, vurderinger og tiltak i denne casen.
- Begrunn hvordan vil du observere og leire pasienten i ambulansen.
- Når dere kommer inn i ambulansen kan pasienten kan fortelle at hun er bipolar. Hva innebærer dette, og hvordan vil du håndtere situasjonen?

CASE 2

Du er på dagvakt som andreårs lærling og er ledsager på ambulansen. Din kollega og veileder er ambulansesarbeider med utsjekk for å gi medikamenter. Ambulansen er sjekket og dere er klar for oppdrag:

Melding: «Ambulanse 964 – gul respons, Fjelltoppen vgs. En ansatt har falt inne på gulvet. Ligger og klarer ikke reise seg på grunn av smerte i kne/hofte.»

Adresse: Fjelltoppen vgs, Fjellveien 12

Ankomst: Dere blir møtt utenfor skolen. Vedkommende kan fortelle at «pasienten» skled på gulvet. Har nå så vondt at det ikke er mulig å reise seg opp.

Når dere nærmer dere kan dere se at han ligger på gulvet

Funn: Våken, ligger på gulvet i et klasserom
A: Frie øvre luftveier
B: Rask, anstrengt på grunn av smerte
C: Normal hudfarge
D: Pupiller: sidelike, Bevegelse: ligger
E: Ingen kjente eller tidligere sykdommer

Vitalia:

Respirasjonsfrekvens (RF)	= 25
Oksygenmetning (Spo2)	= 95%
Puls (P)	= 115
Blodtrykk (BT)	= 140/85
Blodsukker (BS)	= 6,2
Temperatur (TP)	= Normal (37)
Elektrokardiogram (EKG)	= Normal
Glasgow coma scale (GCS)	= 15

Oppgave 2

- Forklar og begrunn alle undersøkelser, vurderinger og tiltak i denne casen.
- Mens du undersøker pasienten, blir han plutselig «litt rar» og besvimer. Hvordan håndterer du dette?
- Begrunn hvordan vil du observere og leire pasienten i ambulansen.



www.vigoiks.no/eksamen